

Oslo, 4. juni 2007

Miljøvernminister Helen Bjørnøy
Kvinnherad Energi AS

Regjeringa må setje endeleg stopp for utbygging av Hattebergvassdraget


Norges Naturvernforbund sitt landsmøte, samla på Torpo 1.–3. juni, krev at regjeringa straks set ein endeleg stopp for planane om å byggje ut Hattebergvassdraget i Rosendal. Vassdraget bind Folgefonna, Baroniet i Rosendal og Hardangerfjorden saman – frå fonn til fjord – og er eit unikt naturdokument både nasjonalt og internasjonalt.

Ei utbygging vil leggje nesten 1 km av elva tørr, redusere vassdragets opplevingsverdi og gjere kulturmiljøet og landskapet knytt til Noregs einaste baroni i Rosendal mindre verdt.

Planane for utbygging skulle ha vore stoppa for lang tid sidan. Da Stortinget handsama verneplan IV for vassdrag, vart Hattebergvassdraget gitt varig vern. Men samstundes vart det gitt høve til opprusting av eksisterande Muradalen kraftverk. Anleggsarbeidet som starta i vinter, vart stansa av Fylkesmannen i januar 2007, og saka ligg no i Miljøverndepartementet.

Det er no på høg tid at regjeringa set ein endeleg stopp for alle planar om å byggje ut Hattebergvassdraget. Kvinnherad Energi AS har i vinter fjerna den tidlegare rørgata og kjørt fram nye rør for ein utviding av Muradalen kraftverk. Dette gir regjeringa høve til å bringe eit tidlegare utbygd vassdrag tilbake til eit uregulert vassdrag. Eit Hattebergvassdrag utan kraftproduksjon vil ta vare på heilskapen i vassdraget frå fonn til fjord på ein framifrå måte.

For Norges Naturvernforbunds sentralstyre



Lars Haltbrekken
leiar